



Geir Styve  
Hjelmåsen 37  
5915 HJELMÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/2082 - 19/22266

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
11.07.2019

## Svar på ulike forhold som etterspurd i brev datert 16.06.2019

Det vert vist til ditt brev datert 16.06.2019 med saker der du ventar på avklaring/ber om svar. Svara frå Lindås kommune vert kommentert for dei einskilde sakene.

### 1. Sak 14/6480, gjeld gbnr 202/108 Hjelmås

Ventar på svar på klage på Lindås kommune si avgjerd om tilkopling til kommunalt vass- og avløpsanlegg gitt i brev datert 24.01.2019.  
Svar vert gjeve i eige skriv i saka ila. juli 2019.

### 2. Sak 18/1047, gbnr 202/86 Hjelmås

Etterlyser svar på brev datert 05.07.2018 ift. klagefrist for nabo.

I denne saka er det gitt ferdigattest den 03.05.2019, og saka er avslutta i kommunen.

Det vert elles vist til reglane i forvaltningslova § 29 som gjeld klagefrist. Sjølv om ein nabo har fått nabovarsel, vil fortsatt klageretten gjelda frå det tidspunktet vedtaket kom fram til nabo, eller frå det tidspunktet nabo fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Her er nabo gjeve klagefrist på 3 veker frå vårt brev datert 04.07.2018 med vedlagt vedtak vart sendt til nabo.

### 3. Sak 18/1838 – tolking av rekkefølgjekrav

Etterlyser svar på spørsmål tatt opp i brev datert 12.05.2019.

Vårt brev datert 13.12.2018 er ikkje eit enkeltvedtak og då er det heller ikkje klagerett på vedtaket. Utbyggingsavtalen kan ikkje gå ut over det som reguleringsplanen opnar for.

Når det gjeld spørsmålet ditt om bruksendring av dei eksisterande fritidsbustadane til heilårsbustader er omfatta av dei 8 bueiningane som kan byggast før rekkefølgjekravet i § 2.1.1.1. gjer seg gjeldande, så har vi svart på dette i vårt brev datert 14.06.2018.

### 4. Sak 18/1710 – dispensasjon frå rekkefølgjekrav.

Etterlyser svar på spørsmål gitt i brev datert 01.10.2018 som gjeld heimel for rekkefølgjekravet, om det er urimeleg tyngande m.m.



Det er sendt inn søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrava som gjeld utbetring av fylkesveg, etablering av fortau m.v. Den vurderinga administrasjonen har gjort er vurderingar knytt til om vilkåra for å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt. Ved å søkja om dispensasjon, får ein ikkje prøvd lovligeheit av planen eller om det ligg føre ugyldige rekkefølgjekrav. Det må skje ved at ein tar tak i sjølve reguleringsplanen og tar prosessen med endring av rekkefølgjekrava som er satt.

Vi viser elles til følgjande avsnitt i saksframlegget som var til handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.11.2018 og 12.12.2018:

*Klagar viser til gyldigheten av rekkefølgjekravet som kom inn i sin klage. Vurdering av rekkefølgjekravet som eit gyldig krav i reguleringsplanen må gjerast ved at ein angrip dei planane dette står i, og eventuelt justerer rekkefølgjekrava dersom det vert eit resultat av ei slik vurdering. Administrasjonen kan ikkje sjå at løysinga i denne saka er å gje dispensasjon frå rekkefølgjekrava.*

Elles meiner administrasjonen at krava til grunngjeving i forvaltningslova § 25 er oppfylt.

**5. Sak 19/409 – dispensasjon for endra profil på utbygging.**

Etterlyser svar på brev datert 12.05.2019.

Dette er ei sak som er i prosess, klagen ligg til klagevurdering etter endra vedtak i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019. I denne saka har administrasjonen og klagar ulikt syn på saka, noko som også går igjen i saksvurderinga.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Geir Styve

Hjelmåsen 37

5915

HJELMÅS